

TILSYNSPLAN FOR GOL KOMMUNE

Kommunen som tilsynsmyndighet

Kommunestyret har det høgaste tilsynsansvaret med den kommunale forvaltninga og bestemmer kva for eit organ i kommunen tilsynet skal bli lagt til, jf. kommuneloven §§ 10,12 og 23. Kommunestyret kan ved delegering bestemme kva for ein som skal være tilsynsmyndigkeit i kommunen.

I Gol kommune er det avdelingsleiar barnehage som har myndigkeit til å fatte vedtak og pålegg etter tilsynet.

Eigars tilsynsrolle

Kommunen varetek habiliteten på følgjande måte:

- Tilsynsførar skil mellom rollen som barnehagemyndigkeit og barnehageeigar.
- Det blir oppretta forpliktande interkommunalt samarbeid i Hallingdal om gjennomføring av tilsyn etter Lov om barnehagar.
- Tilsynet blir gjennomført av barnehagemyndigkeit i Gol kommune saman med ein barnehageansvarleg frå ein av dei andre kommunane der teieplikten blir vareteke, jf. Forvaltningsloven § 13 1.l.
- Tilsynsplanen forankrast politisk.

Mål med kommunen sitt tilsyn

Kommunen sitt tilsyn skal sikre at følgjande blir vareteke:

- Barnehagen blir drivi i forhold til lovar, forskrifter og kommunale vedtak
- Ulovlege eller uforsvarlege forhold avdekkast tidleg og tiltak blir iverksett
- Eigar/styrar/dagleg leiar av barnehagen er bevisst sitt ansvar for eigen barnehagen sin verksemd ut i frå Lov om barnehagar med forskrifter
- Barnehagen sitt faglege innhald er ut i frå Rammeplan for barnehagar

Lovgrunnlaget for tilsyn

Lov 17.juni 2005 nr. 64 om barnehagar (barnehageloven) § 16 bestemmer at kommunen skal føre det lokale tilsyn med verksemder (kommunale og private) etter denne lov. Lovens § 8 femte ledd, sikrar tilsynsmyndigheiten sin rett til innsyn.

Tilsynet skal primært bli utført for å kontrollere at barnehagen blir drivi ut i frå

- Lov om barnehagar
- Forskrifter som hører til lova
 - «Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver

- Forskrift om føring av register til bruk i forbindelse med kontroll av beregning og utbetaling av kontantstøtte
- Forskrift om familiebarnehager
- Forskrift om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage
- Forskrift om likeverdig behandling ved tildeling av offentlige tilskudd til ikke-kommunale barnehager
- Forskrift om foreldrebetaling i barnehager
- Forskrift om pedagogisk bemanning
- Forskrift om midlertidig og varig dispensasjon og unntak fra utdanningskravet for styrer og pedagogisk leder
- Forskrift om godkjenning av yrkeskvalifikasjoner for styrer og pedagogisk leder i barnehage fra annen stat
- Forskrift om politiattest i henhold til barnehageloven»

Fleire instansar førar tilsyn i barnehagane for eksempel brannvesen, intern-revisjon, mattilsynet og miljøretta helsevern ut i frå følgjande lov og forskrifter:

- «Forskrift om sikkerhet på lekeplassen (19.juli 1996)
- Forskrift om miljørettet helsevern i barnehager og skoler m.m. (01.12.95)
- Forskrift om internkontroll (06.12.96)
- Lov om brannvern
- Lov om produktkontroll»

Tilsynsmyndigheten kan sette i verk pålegg dersom det avdekkast uforsvarlege eller ulovlege forhold i barnehagen. Tilsynet krev tverrfagleg og tverretatleg samarbeid samt gode rutinar mellom kommunale etatar/faginstansar.

Tilsyn etter Lov om barnehagar

Lov om barnehager er på fleire område lite konkret i forhold til standard og nivå på område kommunen har tilsyn overfor. Formuleringer som blir brukt i lov og forskrifter er m.a. «*forsvarlig, tilstrekkelig og samlet vurdering*». Dette gjev rom for skjønn. Tilsynsarbeidet bør difor vere tilnærma likt overfor alle barnehagane. Det er derfor utarbeida spørsmål og kriterium for skjønnsmessig vurdering i forhold til dei ulike paragrafane i loven.

Tilsynet skal vurdere lovlegheit ut i frå lovverket. Det skal bli kontrollert at barna ikkje blir utsett for uforsvarlege forhold. Om nødvendig kan tilsynet stenge verksemda, tidsgrensa eller varig. Barnehagen sin eigar kan klage på vedtaket til Fylkesmannen.

Fylkesmannen fører tilsvarande tilsyn overfor kommunen. Fylkesmannen sitt vedtak kan klagast på til departementet.

Risikovurdering

Det skal foretas jamleg risikovurdering. Det er viktig å vere merksam på forhold som gjer at tilsyn må gjennomførast oftare, for eksempel etablering av nye barnehagar/avdelingar, mange

dispensasjonssøknadar, bekymringsmeldingar frå foreldre/tilsette/andre.

Ulike typar tilsyn

1. Varsla tilsyn
2. Ikkje varsla tilsyn
3. Kartleggingstilsyn
4. Kontinuerleg rapportering

1. Varsla tilsyn

Omfang

Kvar barnehage har eitt varsla tilsyn kvart fjerde år. Tilsynet blir gjennomført etter oppsett rulleringsplan. Ved spesielle tilfelle eller oppfølgjingssaker kan tilsynet bli oftare, jf. pkt. om Risikovurdering.

Den vert avsett 2 dagar til kvart tilsyn inkl. for- og etterarbeid. Tilsynet blir gjennomført så effektivt som mogeleg, for å unngå unødig bruk av ressursar.

Innhald

Tilsynet tar utgangspunkt i paragrafane i Lov om barnehagar m/forskrifter.

Det blir ført tilsyn med utvalte paragrafar kvar gong.

Forberedelse

Barnehagane skal få melding om tilsyn minst 6 veker før tilsynet finner stad. Det blir opplyst om kva for paragrafar/tema det skal bli ført tilsyn med, samt kven som skal delta på tilsynet.

Dokumentasjon

Barnehagemyndigkeit har rett til innsyn i barnehagen sine dokumenter og kan be om at barnehagen sender dokumentasjon til tilsynsmyndigkeit. Dette kan vere årsplan, siste brukarundersøking, årsmeldingar, pedagogisk dokumentasjon, kartleggingsundersøkingar og planar som handlar om dei tema som det skal bli ført tilsyn med.

Gjennomføring

Det blir avsett tid i barnehagane til samtalar /intervju (enkeltvis) med dagleg leiar, pedagogisk leiar, assistent og ev foreldrerepresentant (dersom temaet tilseier det). Det er også aktuelt med observasjon, befaring og uformelle samtalar med barna.

Det blir helde sluttmøte med dei involverte om innhaldet og ev pålegg etter tilsynet.

Etterarbeid/rapporteringslinjer

Rapport etter tilsyn blir sendt barnehagen innan 3 veker etter tilsynet.

Barnehagefagleg ansvarleg/eigarrepresentant i kommunen og objektiv part underskriver rapporten.

Deretter blir rapporten lagt fram for politisk utval som ein orienteringssak.

Oppfølging etter ev pålegg blir kontrollert av barnehagefagleg ansvarleg i kommunen etter at fristen har gått ut.

2. Ikkje varsla tilsyn

Tilsynet kan bli gjennomført dersom:

- kommunen mottar klager frå foreldre eller andre
- ein barnehage har mange dispensasjonar
- kommunen mottar melding frå andre tilsynsinstansar

Sjå elles rutinebeskriving for «ikkje varsla tilsyn»

3. Kartleggingstilsyn

Det blir sendt ut skjema for rapportering av sentrale paragrafer i Lov om barnehagar kvart 2.år.

Dette gjelder i hovudsak paragrafer som ikkje blir tatt opp i varsla tilsyn.

Sjå «Rulleringsplan for organisering av tilsyn».

4. Kontinuerleg rapportering

Barnehagemyndigkeit skal sjå etter at barnehagane sender årsplan, årsrapport og årsmelding til kommunen, samt rapportar om resultat frå brukarundersøkingar og utviklingsarbeid m.m.

Revidering av tilsynsplanen

Årleg revisjon av tilsynssystemet og planen blir gjort administrativt.

Ved omfattande endringar blir planen sendt til politisk behandling.